

Børneskaia bør rehabiliterast

30.04.2012

**Børnes industrikaia har dårlige prognosar**

Det har lenge vore kjend at Børneskaia har vore i dårlig forfatning og no held ekspertar fram etter ein spesialinspeksjon av industrikaia at tiltak bør setjast igang snarast grunna osikkerheit om omfanget av skadane.

Det er Safe Control som har vurdert kaia og dei meiner at det vil kosta 2 millionar pluss moms å gjennomføra rehabiliteringa. I tillegg kjem 20-40 prosent til rigg

Firmaet har ikkje vurdert eller uttala seg om skogeigarlagets kai som ligg like inntil. Industrikaia er 32 meter lang og 14 meter brei og Safe Control har avdekkja skader og manglar som fører til nedsett trafikksikkerheit og bæreevne. Kaia er ei betongkai og skadene er i hovudsak å finna i prefabrikerte element.

Total rehabilitering vil vera den beste løysinga då ein i prinsippet vil få ei ny kai men den vil ha sine ulemper. Kaidekket blir 40 centimeter høgre enn nabokaia og framtidig inspeksjon blir umogeleg då det gamle dekket vil liggja under det nye

Om grunnen til tilstanden peikar inspeksjonen på at betongoverdekninga av armeringsstållet er for liten slik at det blir korrosjon og sprenging i betongen. Det får store konsekvensar for bereevne men det er uoversiktlig kor mykje dekket tåler. Skadeutviklinga vil kunne gå svært fort. Kloridinnhaldet i betongen er er fåretrugande høgt allereie.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen